

Anonym (sendt inn 20.04.2023)

Reinen i Rondane nord er pressa på alle kantar og det krevst at fleire tek ansvar. Det verkar som om det er menneskeleg ferdsel som uroar reinen mest. Eg har difor følgande forslag:

- 1) Pilegrimsleden gjennom Dovre nasjonalpark bør leggest om, slik at dei følger fylkesvegen til Dombås og sykkelvegen inn til Hageseter/Hjerkin.
- 2) Turistforeningsstigen mellom Høvringen-Haverdalshytta-Grimsdalshytta må fjernast.
- 3) Peer Gynt-hytta må leggest ned.
- 4) Grimsdalsvegen og Dørålsvegen må stengast fram til den 15/6, også for gåande og syklande.
- 5) Veggen inn til Rondvassbu må stengast for all ferdsel. Ein kan ha tilsvarande bussordning inn til Rondvassbu, slik som til Snøheim.
- 6) Alle turistforeningshytter og andre utleiehytter må stengast om vinteren/våren.
- 7) Ein må slutte å preparere skiløyper inn i villreinområda.
- 8) All hyttebygging i randsonene til villreinområdet må stoppe.
- 9) Turmål og andre faste turpunkt må leggest utanom villreinområda.